



Austevoll kommune

Hordaland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 BERGEN

Vår ref. 15/1-15/13910JpID/MST	Arkivkode 15/1	Dykkar ref.	Dato 27.11.2015
--	--------------------------	--------------------	---------------------------

Innspel til regional transportplan (RTP), 2018-2029

Eg viser til Hordaland fylkeskommune høyring vedk. regional transportplan (RTP) 2018-2029. Austevoll kommune ber om at følgjande innspel blir vektlagt i RTP. Høyringsinnspelet er vedteke av formannskapet i Austevoll i møte 26.11.2015 og har tilslutnad frå alle parti.

Utbetring av ferjesamband

Austevoll kommune understrekar at ferjesambanda Hufthamar—Krokeide og Husavik—Sandvikvåg har trong for kraftig utbetra rutetilbod. Det vert vist til innspel frå Austevoll kommune til Skyss vedkomande dette, der det mellom anna blir tydeleggjort at særleg rutetilbodet i sambandet Hufthamar—Krokeide er langt dårlegare enn samband med tilsvarende trafikk. Det blir også vist til at trafikkveksten har vore svært høg gjennom ei årrekke og at utviklinga i Austevoll vil gi kraftig trafikkvekst også i framtida. Austevoll er ein mellomstor kommune med 5.100 innbyggjar og med svært høg næringsaktivitet. Fylkeskommunen må ta omsyn til at Austevoll, saman med Fedje, er den einaste kommunen i fylket som er avhengig av ferje fordi ein ikkje har alternative omkøyringsveggar. Dette må vektleggast.

Båtruter

Austevoll kommune understrekar behovet for å oppretthalde ei god lokalbåtrute i Austevoll med teneleg rutetilbod. Det blir også peika på at snøggbåtruta til Sunnhordland er ein sentral del av kollektivtilbodet i fylket og at ruta må styrkast med målsetnad om å auke kollektivandelen. Austevoll kommune ber om at snøggbåten mellom Bergen og Sunnhordland får fleire anløp og stjernestopp i Bekkjarvik.

Ferjeavløysingsprosjekt

På lenger sikt vil Austevoll kommune at det blir arbeidd med å nytta denne finansieringsmodellen for å knyta Austevoll på ny E39.

Torangsvågbrua

I gjeldande RTP er prosjektet Torangsvågbrua omtalt som aktuelt etter 2017. Bruprosjektet er ferdig regulert tilbake i 2007 og vart den gong kostnadsrekna til kr 38 millionar. Austevoll kommune forventar at prosjektet blir lagt inn tidleg i planperioden 2018-2029.

Fv oppgradert til overordna vegnett

I gjeldande RTP er vegen til Salthella omtalt som aktuell til å bli overordna vegnett etter at fiskerihamna er utbygd. Hamna er no ferdig utbygd og kommunen ber fylkeskommunen løfte statusen til overordna vegnett frå Storebø, via austsida av Huftarøy og heilt fram til Salthella. Fleire argument talar for dette: På vegstrekket Bjelland er Havforskningsinstituttet, Austevoll vidaregåande skule og den maritime skulen lokalisert, med til saman nær 100 arbeidsplassar, og 300 elevplassar. Vidare på vegstrekket er ferjestrekninga Husavik—Sandvikvåg, som knyt Austevoll på E39 på Stord og sørover. Vegen her er særst trafikkert, både som skuleveg, veg til større arbeidsplassar, og ikkje minst som viktig samferdsleåre. Dette har vore teke opp ved tidlegare høve og meldinga har då vore at det vil vera naturleg å ta dette grepet når den nasjonale fiskerihamna på Salthella er klar. No er tida inne.

Trafikksikringsplan

Kommunen viser vidare til nyleg vedtatt trafikksikringsplan for andre aktuelle vegprosjekt i Austevoll, og då særleg dei vegstrekka som er skuleveg for barn og unge. Her blir spesielt vegen frå Selbjørnsbrua, inkludert brua på begge sider, og mot Fagerbakke trekt fram.

Utgreiing om ny ferjekai

Austevoll kommune ber om at det blir utgreidd flytting av ferjekaien på Krokeide, der dette fører til innkorting i reisetid og tilknytning nærast mogleg E39.

Med helsing



Morten Storebø
Ordførar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent.